

Terje Hauge og Lisbeth Skorpen
Erstadvegen 133a
5911 Alversund

Alversund, 24.5.13

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

VEDR. UTSLEPPSLØYVE FOR GNR. 140, BNR. 37 I LINDÅS KOMMUNE

Vi viser til dykkar e-post av 21.5.13 v/Malvin Klemetsen, og kort møte (med Lisbeth Skorpen) om saka. Vi er takksame for dei klare tilbakemeldinga vi har fått frå Malvin Klemetsen i saka.

Spørsmål i høve vår utsleppssøknad:

I vår utsleppssøknad var det ikkje søkt om utsleppsløyve for gnr. 140, bnr. 37, så vidt vi oppfattar det. Ein viser bl.a. til skissa som følgde søknaden vår. Vi er difor litt forundra over at kommunen har gjeve utsleppsløyve til bnr. 37 med grunnlag i vår søknad. Var det grunnlag for slik godkjenning i vår søknad?

Det etablerte utsleppsanlegget for vår eigedom:

Vi har bygt eit utsleppssystem for 2 huslanlegg der både bnr. 49 og 37 er påkobla. Det er vi som har kosta anlegget – også for den delen av anlegget som gjeld bnr. 37 og som går til tomtegrensa mellom bnr. 49 og 37.

Vi har i brevs form gjeve beskjed til eigarane av bnr. 37 om at vi kjem til å stenge anlegget som vedkjem utsleppet frå hans tomt om han ikkje tek sin andel av kostnadane, som vi altså har forskottert. Eigarane nektar å betale. Sidan dette er stoda, så er einaste trumfmiddelet vi har, forutan å gå til sak, å nekte privatrettsleg rett (som må tinglysast) for bnr. 37 om å gå med røranlegg for utslepp over vår tomt. Då er stoda at dei ikkje har noko godkjent utsleppsløyve.


Det er eit offentlegrettsleg krav at alle (nyare) eigedomar som har utslepp skal ha godkjent utsleppsløyve. Det er såleis eit kommunalt ansvar å syte for at nemnde kjem i orden for dei eigedomane som ikkje har utsleppsløyve, herunder for bnr. 37.

Vi imøteser difor tilbakemelding frå kommunen der det vert opplyst om kommunen vil ta tak i saka slik at bnr. 37 får på plass godkjent utsleppsløyve.

Vi vil til slutt informere om at vi tykkjer det er svært vanskeleg og kjedeleg å måtte gå til dette skritt for å få på plass forhold som tidlegare eigar av bnr. 37 burde rydda opp i for lengst. Vi vonar også at kommunen ser den vanskelege situasjonen vi har hamna i og at det av den grunn ikkje tek for lang tid før kommunen føretekk seg noko i saka.

Med helsing:


Terje Hauge


Lisbeth Skorpen

40